Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1.

Fylke: Möre & R.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Tingvoll

Emne: Transport av höy.

Bygdelag: Hanemsbygda.

Oppskr. av: Edv. Reitan.

Gard: Hanem

(adresse): Meisingset

G.nr. 95 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Delvis, og etter heimelsm.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Kårmann John Hanem 79. år.

SVAR

1. Ja, delvis. På småbruk (husmannspl. fins ikkje lenger her.) brukar ein dragarvogn med „fong" av og til enno. Utmarkslått er det mest slutt med. Den slutta kring år 1900. Ein og annan småbrukaren kan år om anna slege litt fjellslått, „sloa" det ned til foten av fjellsida og derifrå tekke det med lånt hest.

2. Höystakk blir ikkje sett no, og utlåene er ute av bruk, og for ein stor del nedrotna. Til hesja vert höyet slept med rive på gardar der det er hest, på småbruk vert nytta gaffel og greip.

På hestdregen sloe köyrde dei gamle 12 - 15 „kjemmå" til ei vekt kring 200 kg. På sloe dregen av mannemakt kunne dei dra 5 - 6 „kjemma(ə)" alt etter som lendet var. „Kjepsvei" var nytta til höybering i gamal tid. Slo var laga av klöfta, fin ungbjörk, og låg med grovenden over aksla under beringa

Beraren fekk hjelp til gjöringa og til å få böra på aksla. Borna var med i arb., raka og tok „opptak" etter „kjemberarn". Frå setrar som låg ulendt til, var höyet sendt med til garden på „löypstreng". Löypstreng kom i bruk her for ca 40 år sidan.

Trille- eller båre er litte nytta til transport av höy no.

3 Fjellslåttshöyet vart kjört heim på vinterföret. No, vert nytta langslede med höykorger og tong over under transporten av setershöyet.

4. Kjöredoning i höyonna her no er vanleg langvogn (oftast med 2 hjul) med höykorger. Lengda på vogna er ca 2,20 m og br. 1,30.

Ei god höyvogn skal ha böygde armar - både opp og ut til sida.

Til kornkjöring vart för nytta langvogn med berre tong, no er langvogna med korgene mest nytta til kornkjöring og.

Vekta på eit vanleg höylass er kring 200 kg. (sommarlass.)

Ingen sers regel for siste lasset som vart kjört i hus; men fast regel var alltid at det skulle rakast vel, ingen ting måtte liggja att.



Höytonga. Banda frå vogna eller sleden opp i tonga var kalla tongbanda (eit.).

298

Ved vanleg lasskjöring var för

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

nytta varreipe, no er „Ljóma" av jarnkjetting mykje komen i bruk. — Storleiken på høystakken var i gamal tid bestemt av høymengda på staden.

Før i tida var ein hest som oftast nytta for høysleden om sommaren i utslåtteigen.

Heime på gardane ofte nytta to hestar for høysleden (tremeisleden), dersom garden var så stor at dei hadde fleire hestar.

5 Fellesslått kan ingen hugsa at det har vore her.

6. Ingen slik transport no lenger.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY 298